



# Entreprenørskap på nye vegar...

- Invitasjon til nettverkssamling/ kurs 18. januar 2012

Entreprenørskap kan ikkje vedtakast, men skapast gjennom handling og utviklingsprosessar. Dette er kompetanse som er avgjerande viktig for framtida – for å ”snu Sogn”. Entreprenørskap er forankra i Kunnskapsløftet, men vi må styrke samanhengen mellom pedagogisk entreprenørskap og inkludere arbeidsliv og lokalsamfunn som læringsarenaer.

## Målgruppe

Første halvdel av denne dagen blir ei felles samling med dei kommunale næringsavdelingane. Vi inviterar difor næringsavdelingane, lærarar i grunnskulen og vidaregåande skule som arbeider med entreprenørskap, arbeidslivskontaktar, skuleleiarar og deltakarane i nettverket for entreprenørskap.

**Dato:** onsdag 18. januar 2012  
**Tid:** 09.00 – 15.00  
**Stad:** Rådhuset i Luster, Gaupne



## Program

09.00 – 09.15	Oppmøte og morgonkaffi
09.15 – 09.25	Velkomst ved ordførar Ivar Kvalen
09.25 – 10.20	Korleis tilrettelegga for pedagogisk entreprenørskap i skulen på alle nivå? Inger Karin Røe Ødegård, førsteamanuensis v/ Høgskulen i Sogn og Fjordane
10.20 – 10.30	Beinstrekk og påfyll
10.30 – 11.20	”Næringsbussen” – nye vegar for samarbeid mellom skule og næringsliv i HAFS Per Arne Tveit, dagleg leiar HAFS regionråd
11.20 – 11.30	Kort pause
11.30 – 12.15	Gründercamp: Korleis få næringslivet sine problemstillingar inn i klasseromma? Jørn Helgheim, Ungt Entreprenørskap Sogn og Fjordane
12.15 – 13.00	Lunsj
13.00 – 14.45	Elevbedrifter og kreativitet på skulane ved Jørn Helgheim, UE S&F Bedriftsbesøk for næringsavdelingane ved Olav Grov, nærings sjef Luster kommune
14.45 – 15.00	Oppsummering: Raude trådar og nye vegar for entreprenørskap i Sogn? Arve Tokvam, Aurland Prosjektteneste/ arbeidsgruppa for entreprenørskapsmessa

Samlinga/ kurset og varm lunsj er gratis. Påmelding til [claus.roynesdal@sogndal.kommune.no](mailto:claus.roynesdal@sogndal.kommune.no) eller tlf 95 47 20 49 **innan torsdag 5. januar 2012**. Vel møtt!

## Føredragshaldarane

### Inger Karin Røe Ødegård

Førsteamanuensis ved Høgskulen i Sogn og Fjordane. Doktorgrad i komparativ studie av lærarutdanning i entreprenørskap. Inger Karin forskar mykje på kompetanseutvikling i pedagogisk entreprenørskap.



### Per Arne Tveit

Sekretær/ dagleg leiar for HAFS regionråd, tidlegare kultur- og næringssjef i Askvoll, bygdeutviklar som arbeidar med verdiskaping og berekraftig naturbruk for "Kystarven 2009 – 2013". Per Arne er også kjent frå "Fredagspanelet" i NRK Sogn og Fjordane.



### Jørn Helgheim

Lærer ved Naustdal barneskule, og grunnskuleansvarleg for Ungt Entreprenørskap i Sogn og Fjordane. Arbeider mykje med elevbedrifter, gründercamper og kreativitet. Jørn er leiar for Tamberskjelvar idrettslag, og er vant med tunge løft.

